



Professoren frå Uskedalen stoppar ikkje med ei bok i år

**Professor Jørn Øyrehagen Sunde frå Uskedalen er svært produktiv. Ikkje berre har han gjeve ut ei ny bok om Baroniet denne våren, no kjem han også om ei bok om Høgsterett. Den omfattar tidsbolken frå 1965 til i år og vert lansert neste veke. Boka er på 619 sider. Etter presentasjonen vert ho kommentert av høgsterettsdommar Ingse Stabel, professor Ola Mestad, professor Fredrik Thue og redaktør Harald Stanghelle.**

Øyrehagen Sunde slår fast at den tidsbolken som han har hatt som oppgåve er ei endringshistorie. Den handlar om ein domstol som lenge stritta mot endring men som etter Berlinmurens fall vart riven med av samfunnsutviklinga og ivrige einskildpersonar.

Dei staka ut ein ny kurs for den fremste representanten for den tredje statsmakt i landet,

I dag er Høgsterett kanskje meir ei statsmakt enn nokonsinne før i si 200 år lange historie. Domstolen har ein nesten uavgrensa kompetanse og er en nesten rein prejudikatsdomstol, kan påverka tilsetjinga av nye høgsterettsdommarar og er ein dialogpartner i det transnasjonale rettsregimet. Korleis det vart slik fortel han i boka,

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen